



**ALVER**  
KOMMUNE

# Fondsvedtekter

Næringsfond Alver kommune

Vedtatt i Alver kommunestyre 21.03.2024.

## 1. FØREMÅL

- Næringsfondet skal styrkje næringslivet i Alver kommune. Støtte frå næringsfondet skal bidra til auka næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

## 2. MÅLSETTING

Tilskot frå næringsfondet skal stimulere til:

- Prosjekt som gir vekst i eksisterande verksemder og arbeidsplassutvikling i Alverkommune.
- Berekraftig næringsutvikling.
- Omstilling og nyskaping i næringslivet.
- Tiltak som styrker næringslivet i arbeidet med ny teknologi, innovasjon og entreprenørskap.
- Samarbeidstiltak innanfor etablert næringsliv.
- Kompetanseutvikling i næringslivet.

## 3. KVEN KAN SØKJE

Næringsfondet kan nyttast til tiltak for verksemder og til næringstiltak i regi av kommunen eller andre typar næringsutviklingsorganisasjonar, og/eller der midlane i hovudsak får effekt i Alver kommune, til dømes:

- Føretak som er registrert i Brønnøysundregisteret
- Føretak med forretningsadresse i Alver kommune
- Samarbeidstiltak med lokale føretak
- FOU-aktørar i samarbeid med lokale føretak
- Kommunale næringsutviklingsprosjekt
- Næringsutvikling i landbruket som ikkje får stønad frå landbrukets vanlege stønadsorgan.
- Verksemder som treng å ta eit nytt steg etter oppstartsfasen, eller etablerte verksemder som treng hjelp til å realisere eit nytt marknadspotensiale eller internasjonalt vekstpotensial vil vere prioritert.

## 4. KORLEIS SØKE

Tiltakshavar skal søke elektronisk via søkeportalen [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no).

## 5. SØKNADSRIST OG TILDELING

Kommunestyret har delegert mynde for tildeling av midlar til Utval for næring, kultur og idrett. Utvalet avgjer søknadene som kjem til kommunen. Det blir lagt opp til to hovudtildelingar i året, med søknadsfrist 1. mai og 1. oktober.

Det kan i særskilte høve tildelast midlar utanom hovudtildelingane. Søkjar må i så fall grunngje kvifor dette vil vera avgjerande, t.d. om ein vil mista utløysande midlar andre stader om ein må venta på hovudtildeling. Det kan maksimalt delast ut 15 % av næringsfondet sine midlar mellom dei ordinære søknadsfristane

## 6. STØTTEVILKÅR

### 6.1. RAMMER TIL SØKNADER TIL NÆRINGSFONDET

- Stønad kan berre bli gitt i form av tilskot. Jamfør kommunelova § 51 kan næringsfondet ikkje setjast som garanti for lån til næringsverksemd. Stønad kan ikkje brukast til teikning av aksjar, sanering av gjeld, kausjon/garanti for - eller renter og avdrag på lån til prosjekt eller verksemd.

- Stønad skal nyttast til utviklingsprosjekt. Det blir ikkje gitt støtte til ordinære drifts- og vedlikehaldskostnader.
- Det kan søkjast om støtte til investeringar i nytt utstyr og maskiner. Det blir ikkje gitt stønad til oppføring av bygg, og kjøp av eigedom og areal.
- Stønad frå næringsfondet skal ikkje overstige 50 % av prosjektet sin samla finansieringsplan.
- Prosjektet/ tiltaket det vert søkt støtte til skal vere avgrensa i tid, vanlegvis 2 år. I særskilte tilfelle kan det gis tilskot til eit bestemt tiltak i maksimalt 3 år.
- Prosjektet/tiltaket skal føre til eit bestemt resultat. Tilskotet må vere utløysande for prosjektets gjennomføring.
- Fondet gir ikkje stønad til festivalar, kulturtiltak, kultur- og idrettsarrangement.
- Prosjekt/tiltak skal ha høg kvalitet og søkjar skal vise til god gjennomføringsevne.

## 6.2 FORVALTNING AV NÆRINGSFONDET

- Kommunestyret har delegert mynde for tildeling av midlar til utval for næring, kultur og idrett. Utvalet avgjer søknadene som kjem til kommunen.
- Kommunestyret har delegert til kommunedirektør å avgjere søknader med tilskotssum inntil kr. 20.000,-. Delegerte vedtak vert referert til i utval for næring, kultur og idrett.
- Tilskotsordninga vert lyst ut på Alver kommune sine nettsider og søkeportalen regionalforvaltning.no.

## 6.3 KRAV TIL SØKNAD

Søknader skal sendast inn via søkeportalen regionalforvaltning.no. Søknader skal innehalde følgande:

- Opplysningar om føretaket som søkjer (namn, adresse, telefon, org.nr, antal tilsette/årsverk), forretningsidé, beskriving av produkt og marknad.
- Søknadssum på tilskot
- Beskriving av prosjektet, budsjett med kostnads- og finansieringsplan, aktivitets- og tidsplan for gjennomføringa, samt driftsbudsjett for dei 2 neste åra.
- Årsrekneskap (resultat- og balanserekneskap) for 2 siste driftsår.
- Enkeltmannsføretak skal levere inn næringsoppgåve for 2 siste driftsår. Opplysningane bør også verte gitt for inneverande driftsår i den grad det føreligg.
- I beskriving av driftsbudsjett og ved bruk av eigeninnsats, skal timepris setjast lik den som Innovasjon Norge til ei kvar tid nyttar.
- Søkjar skal opplyse om føretaket har mottatt offentleg støtte og eventuelt etter kva grunnlag, for inneverande år og to siste rekneskapsår, jf. reglene om offentleg støtte. Bagatellmessig støtte kan utgjere 200 000 euro fordelt over tre samanhengande rekneskapsår.
- Kommunen kan be om ytterlegare dokumentasjon og opplysningar.
- Søknad og anna informasjon er i utgangspunktet offentleg informasjon. Dokumentasjon vil bli lagt inn i søknadsportalen regionalforvaltning.no og kommunen sitt arkiv. Søkjarar som ønskjer at søknaden skal handsamast konfidensielt, må opplyse om dette i søknaden.

## 6.4 TILSEGN OM TILSKOT

- Innvilga søknad skal bekreftast med vedtak og tilsegnsbrev.
- Føresetnaden for Alver kommune si løyving, er at prosjektet vert finansiert slik godkjent finansieringsplan i omsøkte prosjekt viser. Søkjarar som får vedtak om tilskot, vil saman med tilsegnsbrevet motta ein akseptavtale. Akseptavtale er eit skriftleg samtykke om at tilsegnsmottakar aksepterer tilskotet på dei vilkår som ligg i tilsegnsbrevet.
- Tilsegnsmottakar skal underteikne og bekrefte akseptavtalen og returnere den tilbake til kommunen seinast 3 veker etter vedtaksdato.

- Tilsegn og avslag på søknad om støtte er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Vedtak fatta av administrasjonen eller utval for næring, kultur og idrett kan påklagast, jfr. Forvaltningslova § 28, andre ledd. Kommunal klagenemnd er klageinstans.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje vert oppfylt, kan tilskotet bli avkorta eller tilskot kan bli krevd tilbakebetalt.
- Ved tildeling av lågare tilskot enn omsøkt står tilskotsmottakar fritt til å justera sin finansieringsplan og prosjektplan tilsvarande. Oppdatert finansieringsplan og prosjektplan skal sendast inn til administrasjonen.
- Ved vesentlege endringar i prosjektplanen, endringar i prosjektet sitt budsjett eller finansieringsplan, skal prosjektet ha ein dialog med kommunen.
- Prosjektoppstart: Dersom prosjektet ikkje er starta opp 1 år etter tildeling, vil tilskotet falle vekk og tilbakeførast til næringsfondet.

#### 6.5 UTBETALING AV TILSKOT

- Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling ved prosjektstart og undervegs i prosjektet, maksimalt inntil 50 % av løyvd beløp. Oppmodinga må innehalde statusrapport og kostnadsrapport over akkumulerte kostnader. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning.
- Tilsegnsmottakar kan i særskilte høve oppmode om delutbetaling inntil 75 % av løyvd beløp. Tilsegnsmottakar må i oppmodinga grunngje kvifor dette vil vera avgjerande for prosjektgjennomføring.
- Straks prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakar sende oppmoding om sluttutbetaling. I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut sluttrapport og kostnadsrapport som skal godkjennast av prosjekteigar og sendast til administrasjonen.
- Oppmoding om sluttutbetaling skal framsetjast seinast 2 år etter tilsegnsdato. Fristen kan i særlege tilfelle forlengast med inntil 1 år, etter skriftleg søknad til administrasjonen. Søknaden må innehalde ei grunngjeving på kvifor fristen må forlengast og kor lang utsetjing søkjar treng.
- Autorisert rekneskapsfører skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn frå og med kr. 100.000,-.
- Forholdet til andre verkemiddel: Tildelingar frå fondet må vere i samsvar med aktuelle krav og retningsliner som til dømes retningsliner for bruk av regionale utviklingsmidlar, regelverk for offentleg støtte mv.

#### 6.6 OPPFØLGING, KONTROLL OG ANSVAR

- Tilsegnsmottakar vert kalla inn til prosjektgjennomgang ved tildeling av større beløp, frå og med kr 100.000,-.
- Kommunen sin revisor har rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at ein pliktar å gje kommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i løyvingreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.
- Tilsegnsmottakar er ansvarleg overfor kommunen og offentlege myndigheiter for at vilkåra for tilskot vert overheldt.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

## 6.7 PROFILERING

- I alle presentasjonar av prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert frå Alver kommune. Bruk av kommunen sin logo må avtalast.
- Informasjon om prosjektet kan verte omtala på kommunen si nettside og ein kan rekna med å bli beden om å presentera prosjektet for kommunen.